

## Møte med statens vegvesen om gangbru i sentrum

---

Tid: 19. juni 2012

Stad: Naustdal kommunehus

Vegvesenet: Kjell Kvaale, Vigdis Lobenz, Ole Martin Lilleby

Kommunen: Håkon Myrvang, Øyvind Bang Olsen, Annlaug Kjelstad, Harald Eikenes, Arne Kringlen og Gaute Mo (DOF engineers)

---

Møte starta med ei innleiing av ordførar Håkon Myrvang om kommunen sitt utviklingsarbeid og samferdsleutfordringar. Deretter gjekk Gaute Mo og Arne Kringlen gjennom forslag til planprogram, trafikkanalyse og skisseprosjekt for gangbru over Nausta og rv5.

Vegvesenet gav positiv tilbakemelding på planarbeidet både med tanke på prosess og innhald. Planane så langt viser spennande design og at brua vil løyse mange utfordringar for Naustdal. Vegvesenet stilte ei rekke spørsmål om skisseprosjektet og utforminga som Gaute Mo svarte på. Vegvesenet meinte det var viktige å ha med begge brualternativa gjennom prosessen og bruke litt tid på planprosessen framover. Kostnadsoverslaga må justerast slik at dei ikkje berre omfattar byggekostnaden. Som ein nyttar vidare bør være totalkostnad, ikke entreprisekostnad.

Vegvesenet held fast på at kryssinga av rv 5 er ein del av prosjektet som dei må ta ansvar for. Dei er opptekne av å ikkje redusere kvaliteten på riksvegen med til dømes lysregulert fotgjengarovergang. Slik sett høver det godt med eit prosjekt som kryssar over og ikkje i plan.

Vegvesenet arbeider no med Nasjonal transportplan for perioden 2014 til 2023. Det er stor konkurranse om midlane i den første 4 års bolken (2014 til 2017) og det er lite sannsynleg å få plass der. Men prosjektet kan omtalast skriftleg som eit aktuelt prosjekt no og så komme med i neste 4 års periode 2018 til 2023. Einaste moglegheit for å komme med i første 4 årsperiode er at prosjektet vert ein del av Førdepakka og at den kjem inn i NTP.

Vegvesenet har nok materiale til å omtale prosjektet skriftleg («konstruktiv omtaleposisjon for 6 års perioden»). Rådet til kommunen er å halde fram planarbeidet som planlagt slik at prosjektet er best mogleg utgreidd når arbeidet med neste 4 års periode startar.

Etter møtet om brua var det synfaring på områda for brufeste.

Seinare reiste vegvesenet sin folk saman med ordførar og rådmann til Dalen næringsssenter der det vart orientert om samferdsleutfordringane meir generelt i kommunen. Lokale fylkesvegar, kystvegen m.m.

Ref Arne Kringlen.